



Rønnestad Byggteknikk AS
Nordåsbrofet 2
5235 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/699 - 21/6431

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
28.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 109/23 Saltnes

Tiltak: Minirensanlegg
Byggjestad: Gbnr: 109/23
Tiltakshavar: Eva Fløysand
Ansvarleg søkjar: Rønnestad Byggteknikk AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.01.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-4/plan- og bygningsloven § 20-1a. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Plassering.** Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4 fyrste ledd nr. 1 bokstav d). Anlegget si plassering i forhold til eigedomsgrenser bør komme fram av kartet. I tillegg bør vegtilkomst teiknast inn på kartet då dette er relevant i forhold til tømning av anlegg.
2. **Nabovarsling.** Søknad skal innehalde opplysningar om kven som er varsla. Kopi av varselet skal verte sendt kommunen samtidig som andre vert varsla. Kvittering for at varselet er sendt skal leggjast ved søknaden, jf. forureiningsforskriften § 12-4.
3. **Søknadsplikt.** Tiltaket er søknadspiktig etter plan- og bygningslova § 20-1a (Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak med ansvarsrettar.)
4. **Anleggstype og serviceavtale.** Det går ikkje fram av søknaden kva type anlegg som er tenkt nytta og det ligg heller ikkje føre serviceavtale. Dette må vere ein del av søknaden.

Rettleiing finn du på heimesida til Alver kommune:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/ma-du-sokje/sokje-om-privat-avlopsanlegg-og-utsleppsloyve/>

Frist

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **25.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Fløysand
Rønnestad Byggteknikk AS

Lyngveien 2 B
Nordåsbroten 2

5101
5235

EIDSVÅGNESET
RÅDAL